



## Lotterinemnda

# Vedtak i Lotterinemnda 2. november 2020

### Sak

**2020/0319 Norges Bygdekvinnelag – org.nr. 940 590 310 – klage over avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon for underledd**

**Til stades:** Vara for leiar Kaja Moen Welo, medlem Åse Gustavsen og medlem Ingjald Sørhøy

### Bakgrunn for saka

Norges Bygdekvinnelag søkte 21. august 2019 om meirverdiavgiftskompensasjon etter forenkla modell for rekneskapsåret 2018 på vegner av underledda sine.

Lotteritilsynet fatta 2. desember 2019 vedtak om å innvilge søknaden. Ved behandlinga av søknaden fjerna Lotteritilsynet underledd som ikkje var registrert i Frivilligregisteret på søknadstidspunktet, jf. vedtaket punkt 2, frå søknadsgrunnlaget.

Norges Bygdekvinnelag klaga på vedtaket 20. januar 2020 på vegner av ni underledd (klagarane) som hadde søkt om registrering i Frivilligregisteret innan søknadsfristen. Klararane viser til at dei har gjort sitt beste for å gjennomføra registrering, men at meldinga der Lotteritilsynet gjorde dei merksam på at fleire einingar ikkje var registrert, kom for sein til at einingane fekk registrert seg i Frivilligregisteret innan søknadsfristen. Klararane hevdar at registrering ikkje skjedde grunna lang saksbehandlingstid hjå Brønnøysundregisteret, og viser vidare til at det burde vore teke høgde for stort press for å få alle registrerte innan søknadsfristen, sidan det er eit nytt regelverk. Det blir elles vist til klaga i sin heilskap.

Lotteritilsynet har ikkje funne grunn til å gjere om vedtaket sitt og sende 21. april 2019 klaga med innstilling til Lotterinemnda for behandling.

### Det rettslege grunnlaget

Det rettslege grunnlaget er forskrift 23. oktober 2018 nr. 1600 om merverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjoner (forskrifta).

Det fylgjar av forskrifta § 3 fyrste ledd at frivillige organisasjoner kan få meirverdiavgiftskompensasjon dersom dei er registrerte i Frivilligregisteret. Organisasjonen må oppfylle vilkåra i forskrifta på søknadstidspunktet, jf. forskrifta § 5 andre ledd. Søknadsfristen er 1. september, jf. forskrifta § 11.

#### Postadresse

Postboks 511 Sentrum  
5805 Bergen

#### Besøksadresse

Zander Kaaes gate 7  
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

Sjølv om klagefristen har gått ut, kan klaga behandlast dersom «parten eller hans fullmektig ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå», eller «det av særlege grunner er rimelig at klagen blir prøvd», jf. forvaltningslova § 31 første ledd bokstav a og b. Ved vurderinga av om klaga bør takast opp til behandling, skal ein leggje vekt på om endring av vedtaket kan medføre skade eller ulempe for andre.

Av forvaltningslova § 34 følgjer det at klageinstansen kan prøve alle sider av saka og mellom anna ta omsyn til nye opplysningar. I dette ligg at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, saksbehandlinga, faktum og det frie skjønnet. Klageinstansen kan sjølv gjere nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

### **Lotterinemnda si vurdering**

Klaga frå Norges Bygdekvinnelag på vegner av underledda gjeld Lotteritilsynet sitt vedtak om å ikkje tildele meirverdiavgiftskompensasjon til klagarane.

Klaga kom fram til Lotteritilsynet 20. januar 2020, det vil seie etter utløpet av klagefristen. Sjølv om klagefristen har gått ut, meiner Lotteritilsynet at klaga bør takast opp til behandling i tråd med forvaltningslova § 31 første ledd bokstav a. Lotteritilsynet viser til at underledda i saka ikkje kan lastast for at fristen har gått ut, i og med at e-posten med klaga blei send innan 20. desember 2019 frå sentralleddet, men med feil adresse. Lotteritilsynet finn det også rimeleg at klaga blir prøvd etter forvaltningslova § 31 første ledd bokstav b, sidan klaga gjeld forståinga av eit nytt krav i forskrifta. Lotterinemnda har komme til at klaga kan behandlast sjølv om klagefristen har gått ut, og sluttar seg til grunngivinga frå Lotteritilsynet.

Det er eit vilkår for å søkje om meirverdiavgiftskompensasjon at søkeren er registrert i Frivilligregisteret innan 1. september, jf. forskrifta § 3 første ledd, jf. § 5 andre ledd. Sidan 1. september 2019 fall på ein søndag, var fristen første vyrkedag, som var måndag 2. september. Det følgjer av ordlyden i forskrifta og praksis frå Lotterinemnda og Lotteritilsynet at det må ligge føre ei faktisk registrering innan fristen. Det er ikkje tilstrekkeleg at ein har send søknad om registrering innan fristen. Sjå mellom anna Lotterinemnda sitt vedtak i sak 2019/240.

Det er søkeren som har ansvaret for at eininga er registrert i Frivilligregisteret på søknadstidspunktet. Dette gjeld uavhengig av om klagarane ikkje kjente til at det var eit vilkår om registrering i Frivilligregisteret, og det gjeld også om saksbehandlingstida hos registerførar skulle innebere at registrering først skjer etter fristen for å søkje om meirverdiavgiftskompensasjon. Melding om registrering vart send til Frivilligregisteret i perioden 25. august og 2. september 2019, og registrering låg føre i perioden 3. og 19. september 2019. Vilkåra for å søkje om eller få meirverdiavgiftskompensasjon var dermed ikkje oppfylte ved søknadsfristen 2. september 2019.

### **Konklusjon**

Lotterinemnda har, etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka, stadfesta Lotteritilsynet sitt vedtak.

**Vedtak**

Klaga blir ikkje teken til følgje.

*Dokumentet er godkjent elektronisk*